

Foreldreinfo september 2024

FAU/SU



Det første FAU-møtet er gjennomført, alle trinn var representerte. De finn referatet [her](#).

Ragnhild Svela er ny FAU.leiar på skulen. Takk for at du tek på deg ansvaret!

Elles var det val på medlemmar i Samarbeidsutvalet, de finn oversikt på dette i referatet og på nettsida. Første SU-møte vert onsdag 16.oktober.

DEKOM – uteskule

I desentralisert samarbeid med dei andre Dalane kommunane deltok Vikeså skule i ein uteskuledag i regi av May Liss Aslaksen kjent frå «Uteskole med Maya». Me fekk med oss mange tips som skal gjera undervisninga meir variert og aktiv. Her er naturfag og K&H representert. Finn ting i naturen i primærfargar:



Valfaget friluftsliv

Friluftsliv går turar, lærer om naturvett, pyntar på nærområdet til skulen, lærer ferdigheiter dei treng i naturen mm. Kvart år reiser friluftslivgruppa på 10.trinn på surfekurs på Jæren. Her er eit flott bilete frå turen i år.



Bjerkreimsmarken

Elevar frå 2.-10.trinn gler seg alltid til marken. For 9.trinn er det ei spesiell oppleving før sjølve marken startar. Dei får vera med på partering av lam saman med slaktar. Biletet er sensurert, det var ikkje opplevinga i verkelegheita. Spanande å få vera med på!



Hausten kjem, og skuleåret er godt i gang. Me har fått på plass Eimund Grøsfjell om vikar for inspektør på barnetrinnet. Han startar opp i stillinga i dag 30.09. Velkommen i ny rolle på Vikeså! Eimund har tidlegare vore i vikariat på kontoret på skulen, og er utdanna lærar med fartstid frå Lund kommune. Dette har me tru på blir bra!

Ha ein fin haustferie veke 41!

Mvh

Svanhild Gjedrem

rektor

